

Om Ståstadsanalysen for barnehagar


- Eit verktøy for leiinga i barnehagen

Ståstadsanalysen for barnehage er eit refleksjons – og prosessverktøy for barnehagar som ønskjer å drøfte og vurdere kvaliteten på sin eigen praksis som grunnlag for eit felles forbetningsarbeid. Analysen byggjer på Rammeplan for barnehagen og Lov om barnehagar og set fokus på arbeidet med barna og dei føresette og samspelet mellom dei tilsette.

Ståstadsanalysen byggjer på eit prinsipp om at pedagogisk forbetningsarbeid best kan lukkast i ein kombinasjon med organisasjonsutvikling; i tråd med kriteria for *barnehagen som lærande organisasjon*.

Skal ein lukkast med kvalitetsvurdering og heilskapleg utviklingsarbeid, må arbeidet forankrast godt hos alle medarbeidarane i barnehagen. Arbeidet med Ståstadsanalysen krev difor ei brei involvering av dei tilsette. Dette krev at styrar lagar ein plan for gjennomføringa, der det vert set av møtetid til å involvere alle pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Når heile personalet tek del i analysearbeidet, gjennom refleksjon og samhandling, kan val av forbetningsområde verte ei bevisstgjeringssprosess som gir ein god forankring for tiltak. Det bidrar og til å tydeliggjere barnehagens samla potensial for forbetring av verksemda og tilbodet til barna og dei føresette. Gjennom dei felles drøftingane vert eventuelle usemjer tydelege, noko som gjør det enklare for styrar å sette inn tiltak for å få alle med.

Ståstadsanalysen består av seks delar, som samla utgjør ein heilskapleg modell for å kome i gang med eit forbetningsarbeid der heile personalet deltek. Modellen under illustrerer korleis dei ulike delane heng saman.



A. Faktaopplysningar om barnehagen

Her skriv ein opp informasjon om barnehagen, om tal på barn og avdelingar og om dei tilsette/ bemanninga. Skriv også opp anna viktig informasjon om barnegruppa og bemanningssituasjonen.

B. Resultat frå føresette/ brukarundersøkingar

Omsorg, leik og læring i barnehagen slik føresette og barna ser det

Her kryssast av for dei ulike rutinane som barnehagen nyttar ved informasjon og tilbakemelding til/frå dei føresette og barna. Brukarundersøkingar vert oppsummerte. Det skal og beskrivast korleis barnehagen innhentar og systematiserer tilbakemelding frå barna.

C. Barnehagen som organisasjon og pedagogisk verksemd

Her skal ein beskrive barnehagen sitt læringsssyn/ faglig profil og dei ulike satsingsområda inneverande år. Det skal kryssast av for rutinar knytt til samarbeid med

sentrale aktørar. Samanheng mellom barnehage og skule skal beskrivast. Det skal også framkomma om barnehagen har rutinar for medarbeidarundersøkingar og for kompetanseutvikling.

D. Dei tilsette si vurdering av barnehagen opp mot "teikn på god praksis"

I denne delen skal heile personalet ta stilling til eit sett av påstandar/teikn på god praksis. Føremålet er "å ta temperaturen" på nokre av dei mest sentrale oppgåvene for barnehagen, og korleis oppgåvene blir utført. Påstandane er samla under tre overskrifter:

1. Verdigrunnlag, medverknad og samarbeid,
2. Omsorg, leik og læring
3. Planlegging, vurdering og utviklingsarbeid

Vurderinga av barnehagen sin ståstad er markert med fargar.

Grøn: Barnehagen sin praksis er tilfredsstillande men ikkje nødvendigvis perfekte.

Gul: Barnehagen sin praksis bør bli betre

Raud: Barnehagen sin praksis må endrast - tiltak er nødvendig.

Korleis gjennomføra del D:

1. Styraren bestiller brukarnamn på web.
2. Heile personalet blir orientert på eit fellesmøte om arbeidet med ståstadsanalysen. Styrar presenterar del A-C. Omgrep vert klargjort og påstandar i del D gjennomgått.
3. Tilsette drøftar påstandane i del D. I store barnehagar kan det gjerast i avdelinga. Presiser at dei tilsette kvar for seg skal ta stilling til påstandane i etterkant av møtet. Dei skal svara slik dei meiner at tilhøva er i barnehagen på kvar påstand
4. Tilsette får tildelt brukarnamn, loggar seg på og tek stilling til påstandane.
5. Styraren hentar ut resultatfila/rapporten.

Rapporten syner dei tilsette si vurdering av den noverande praksisen i barnehagen sett opp mot ein ideell situasjon; slik ein kunne ønskje at det var. Dei tilsette har kvar for seg teke stilling til påstandar som viser "teikn på god praksis" og samanlikna dei med arbeidskvardagen i eigen barnehage.

E. Barnehagen si samla vurdering og val av hovudutfordring

Denne delen er ei samla vurdering av barnehagen sin ståstad. Ei plangruppe (som kan vere styrar og representantar frå dei tilsette og tillitsvalde) går gjennom tilgjengelege data i del A, B, C og D og diskuterer dei tilsette sin vurdering av praksis i barnehagen. Gruppa leiter etter mønster og diskuterer seg fram til ei samla vurdering av barnehagen sin ståstad og lagar eit framlegg til drøfting/ refleksjon i heile personalet.

Når ein skal drøfte resultatata i personalgruppa, er det viktig å nytta ein metode for prosessleiing som legg vekt på brei deltaking, og får fram likskap og ulikskap mellom avdelingar og mellom grupper av tilsette. Ved å sjå utfordringar ut frå fleire perspektiv, kan ein skape takhøgd og eit klima for anerkjening og openheit.

Spørsmål som kan nyttast i refleksjonsarbeidet

- Kva meinte personalet om tilhøva i barnehagen? Korleis vil vi at praksisen skal vere i vår barnehage?
- Kjem det fram raude område der barnehagen må endra praksis eller gule der praksis bør verte betre? Er det skilnader i korleis grupper av tilsette oppfatar ståstaden?
- Kva seier lov, forskrifter og Rammeplan om korleis praksisen skal vere?
- Er det skilnader i korleis personalet på dei ulike avdelingane har svart? Har avdelingane ulik praksis?

Beskriv korleis personalet har vore involvert.

Kor mange har teke del i drøftingane og korleis har drøftinga vore gjennomført? Barnehagar er av ulik storleik og er organiserte på ulike måtar. Beskriv val av gjennomføringsmåte og vurder korleis det fungerte.

Hovudmoment frå drøftingane

Få fram ulike synsmåtar og vurderingar frå dei tilsette og forslag til prioriterte utfordringar.

Konklusjonar

Plangruppa konkluderar og prioriterar. Rammeplanen inneheld mange nye utfordringar og set krav til barnehagane i forhold til omsorg, leik og læring og utfordringar med å leggje til rette for aktiv medverknad frå barna.

Skriv og ned sterke sider ved barnehagens praksis som ein kan bygge vidare på. Til dømes barna sin medverknad, fysiske tilhøve, samhandling med føresette og tilhøve i lokalsamfunnet mm.

Skriv og ned utfordringar knytt til barnehagen som lærande organisasjon. Fokus på barnehagen som lærande organisasjon er tydeleggjort i Rammeplanen. Dette handlar om utfordringar knytt til leiling, haldningar og verdisyn, felles pedagogisk praksis og læringssyn, systematisk deling av kunnskap og erfaring, samhandling internt i barnehagen og eksternt. Har barnehagen arenaer for drøfting og refleksjon? Er det satt av tid til å vurdere arbeidet med barna og dei føresette? Har barnehagen ein plan for kompetanseheving? mm

Plan for utviklingsarbeidet.

Matrisa som er vist, er eit døme på korleis barnehagen kan lage ein forpliktande plan, som eit hjelpemiddel i forbetningsprosessen. Kva tiltak vil ein prøve ut, kven skal vere ansvarleg og når skal det vurderas.

F. Forankring

For å få dei tilsette til å arbeide mot same mål, er det ein føresetnad at heile organisasjonen deler kunnskap og erfaringar og utviklar felles haldningar og verdiar. Det blir tilrådd at styrar drøftar plan for utviklingsarbeidet grundig; internt med personalet, dei tillitsvalte og dei føresette, eksternt med barnehageeigar.